

Stein Otto Hole
Vassendveien 91
5174 MATHOPEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/3023 - 20/72430

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
13.11.2020

Orientering om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 103/7 Fjellanger

Alver kommune viser til søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og rammeløyve for oppføring av nytt våningshus og bruksendring av eksisterande våningshus til anneks på gbnr 103/7.

Søknaden vart behandla i Utval for areal, plan og miljø i møte 11. november 2020 i sak 156/20 der følgjande vedtak vart fatta:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet (landbruks-, natur- og friluftsføremål) for oppføring av nytt våningshus på gbnr 103/7 på vilkår av at eksisterande våningshus vert bruksendra til anneks.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 (dispensasjon frå kommunedelplan) og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve til oppføring av nytt våningshus og bruksendring av eksisterande våningshus til anneks på følgjande vilkår:

1. Endeleg plassering av nytt våningshus vert gjort ved søknad om igangsetjingsløyve.
2. Tiltaket skal ha privat vassforsyning frå borehol.
3. Tiltaket har privat avløpsløyving gitt i utsleppsløyve datert 28.06.2017. Anlegget er etablert og ferdigstilt.
4. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 22.04.2020.
5. Ved tiltak på eksisterande våningshus skal volum, takvinkel, vernemur og «kasse» rundt stova bevarast. Vindauge og taktekking bør tilbakeførast til dokumentert tidlegare type.

Før det vert gitt igangsetjingsløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:

1. Oppdaterte teikningar av ny bustadder der eksisterande og nye terrenmlinjer er ført på, gesims- og mønehøgde går fram og høgdeplasseringa er gjeve opp ved kotehøgde.
2. Oppdatert situasjonsplan der parkeringsareal og evt. plassering av garasje går fram.
3. Dokumentasjon på at eigedomen har tilstrekkeleg og hygienisk trygg drikkevassforsyning.
4. Teikningar over eksisterande våningshus som viser at bygget ikkje framstår som ein sjølvstendig bustad.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vera målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Med heimel i pbl § 23-8, jf. SAK §6-8, godkjenner kommunen Stein Otto Hole sin søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for alle funksjonar og arbeidsområde i tiltaket.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Saksutgreiing med vedtak følgjer vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing

Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av nytt våningshus og bruksendring av eksisterende våningshus til anneks - 103/7 Fjellanger

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 103/7 Fjellanger

Opplysninger om tiltakets ytre rammer

Søknad om bruksendring

Utfyllende opplysninger

Søknad om dispensasjon - gbnr 103/7 Fjellanger

Situasjonsplan med mål

Planløsning

Teikningar

Planløsning

Fasade nord

Fasade syd

Fasade vest

Fasade øst 1

Fasade øst 2

Merknad - Nabovarsel - Fv. 5466 - Gnr 103 bnr 7 - Fjellangersvingane - Alver kommune (1)

Vedtak dispensasjon frå byggjegrense - Fv. 5466 - Gnr 103 bnr 7 - Alver kommune (1)

2055948 Tillegg til landbruksuttale om nytt våningshus på GBNR 1037 på Fjellanger

Uttale frå landbruk

Landbruksuttale om nytt våningshus - GBNR 103/7 Fjellanger

AcosSvarInn.xml

AcosSvarInn.xml

Uttale -bruksendring våninghus og oppføring av bustadhus - dispensasjon gbnr 103/7 Fjellanger

Tilleggsdokumentasjon til søknad om nytt bygg - gbnr 103/7 Fjellanger

Stue

Uttale - Dispensasjon - Ny bustad - Fv. 5466 - Gnr 103 bnr 7 - Fjellanger - Alver kommune

Kjøkken og hall

Kjøkken

Uttale til gbnr 103/7 Fjellanger - bruksendring våninghus og oppføring av bustadhus - dispensasjon

Vaskerom

Bad

Uttale frå kultur - lemstove

Mottakarar:

Stein Otto Hole

Vassendveien 91

5174

MATHOPEN